



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Anne Marta Espelund /
55516432

Vår referanse:
17/31503-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
10.08.2017

Høyring av framlegg til omklassifisering av del av fv. 396 og del av fv. 397 i Lindås kommune.

Bakgrunn

Etter førespurnad vurderer Statens vegvesen å selje Sævrås ferjekai i Lindås kommune. I samband med dette, vert det vurdert om siste del av fv. 396 og ein arm av fv. 397 skal omklassifiserast til kommunal veg.



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø


Saksopplysningar

Fv. 396 hp 1 km 3571 – 4100, 529 meter

Fv. 397 hp 3 km 4937 – 4998, 61 meter (arm i krysset mellom fv. 396 og fv. 397)



Ferjesambandet mellom Sævrås i Lindås kommune og Masfjordnes/Duesund i Masfjorden kommune vart lagt ned på slutten av 1980-talet. Ferjekaien er leigd ut til Eide Fjordbruk i dag. Han vert ikkje nytta at av det offentlege, og er ikkje beredskapskai.



Fv. 396 har ei lengd på 529 meter mellom krysset med fv. 397 og Sævrås kai. I gjeldande kommuneplan er områda ved Sævrås sett av til noverande bustader, næringsvirksomhet, havn (K3) og småbåthavn (S14). Funksjonen til vegen er tilkomst til dei nemnde føremåla. Nokre av bussane langs linje 360 Eikanger – Vågseidet går ned til Sævrås kai.

Gjeldande kriterier for grensedraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:


« (...) b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar)

Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning

c. Spreidtbygde - / grisgrendte områder

Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilterminal, eller kai av regional betydning.»

Ved vurdering av funksjonen til den omtala delen av fv. 396, meiner vi at vegstrekninga bør ha status som kommunal veg, då Sævrås ferjekai ikkje lengre er av regional betydning. Dersom denne delen av fv. 396 får status som kommunal veg, vil det vere naturleg at den delen av fv. 397 som går mot Sævrås i krysset blir kommunal, sjå vegstrekning i raud sirkel i kart under.



Tilråding:

Statens vegvesen vil med bakgrunn i ovannemnde rå til at:

- Fv. 396 hp 1 km 3,571 – 4,100, 529 meter, vert omklassifisert til kommunal veg.
- Fv. 397 hp 3 km 4,937 – 4,998, 61 meter (arm i krysset mellom fv. 396 og fv. 397), vert omklassifisert til kommunal veg.

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering følgjer av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

Det er Hordaland fylkeskommune som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av fylkesveg. Vedtaket vil vere gjeldande frå vedtaksdato, under føresetnad av at dei tekniske krava i NA-rundskriv 97/13 er oppfylt for strekninga. Vedlagt ligg oppsummering frå synfaring, med naudsynte tiltak for at dei tekniske krava skal vere oppfylt.

Før vi sender saka om omklassifisering til Hordaland fylkeskommune for vedtak, vert saka send på høyring til dykk.

Høyringsfrist

Frist for å kome med tilbakemelding er sett til **22.9.2017**.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Espelund Anne Marta
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Statens vegvesen

Referat

Dato: 05.04.2017
Tid: 10.00 – 11.00
Referent: Anne Marta Espelund

Sakshandsamar/telefon:
Anne Marta Espelund/55516432
Vår dato: 07.04.2017
Vår referanse: 17/31503

Oppsummering etter synfaring av del av fv. 396 i Lindås kommune.

Til stades: Frå Lindås kommune: Rune Kilen, Kjetil Eikefett. Frå Statens vegvesen: John Ellefsen (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Solfrid Kvamme (Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland), Anne Marta Espelund (Plan- og forvaltningsseksjon Bergen)



	Kostnad
<p>Synfaringa vart gjennomført til fots, og omfatta strekninga frå Sævrås kai (hp 1 km 4,100) til kryss med fv. 397 (hp 1 km 3,571), i tillegg til ein liten del av fv. 397 i kryssområdet (hp 3 km 4,998 – km 4,937), totalt 590 meter. Vurderingane er gjort ut frå NA-rundskriv 97/13 «<i>Retningslinjer for tekniske krav til veg som omklassifiseres – ikraftttredelse av vegloven § 7</i>».</p> <p>Det vart omtala at dersom vegen blir omklassifisert, bør han gå slik at den eksisterande kommunale vegen (1197) blir ei forlenging av denne. I området der desse vegane møtes, bør det setjast av areal med snumoglegheit for buss/brøytebil osv. Busskur som i dag står nede på kaiområdet må flyttast opp til snuarealet (sjå punkt 2 på kart).</p> <p>Fv. 396 (og fv. 397 i krysset med fv. 396)</p> <p><u>Tunneler</u></p> <ul style="list-style-type: none">- Skadde plate- og betonghvelv og portaler skal være utbedret.- Løst fjell i tak og vegger skal være sikret.- Elektriske installasjoner skal virke.- Lamper skal skiftes ut dersom lysstyrken er under 70 % av nyverdi.- Tunnelen skal være rengjort. <p>Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.</p>	



Kostnad

Drenering

- Grøfter skal være rensket dersom 1 /3 av opprinnelig dybde er oppslammet.
- Stikkrenner skal renskes dersom oppslamming overstiger 1/3 av høyden i renna
- Kummer skal være tømt dersom oppslamming har nådd 10 cm fra avløp, det skal være fritt avløp inn/ut
- Defekte stikkrenner, rør og kummer utbedres

Funn/vurdering: Alle inntak/utløp til stikkrenner skal renskast.

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
1	1	4,045- 4,070 (om lag)	Dårleg avrenning frå vegområdet	Fjerne torvkant, rydde opp og opne vassveggar	
5	1	3,979	Ukjent korleis drenerings- systemet er under kaiområdet	Kamera- inspeksjon i vann- system og sjekke tilstand. Lindås kommune tar ansvar for å gjennom- føre inspek- sjonen.	

					Kostnad
					
8	1	3,720	Finn ikkje inntak til stikkrenne	Frigjere stikkrenne	

Vegdekker

- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å få spor dypere enn 25 mm i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Dersom mer enn 10% av en ensartet strekning på vegen ventes å ha jevnhet dårligere enn 6 mm/m i løpet av 1 år skal strekningen utbedres.
- Sprekker som er bredere enn 10 mm skal forsegles.
- Krakelerte partier skal vurderes særskilt og utbedres.
- Grusveger skal opp gruses ved behov.
- Vegskuldre skal være oppfylt i plan med vegbanen.

Kostnad

Funn/vurdering:					
P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
3	1	3,985 – 4,040	Dårleg asfalt på kaiområdet	Lappe asfalt, Om lag 150 m ²	

Murer

– Skader som reduserer murens funksjon skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Støyskjermer

– Vertikale skjevheter over 1 :25 og horisontale skjevheter over 1 :40 skal være utbedret.

– Løse bord/mangler skal utbedres.


– Dersom skjermen trenger overflatebehandling skal dette gjeres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Fjellskjæringer

– Synlige løse blokker og steiner skal fjernes eller boltes i samråd med geologisk ekspertise.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
4	1	3,990 – 4,005	Fare for at steinar raser ned	Felle trær på toppen av skjeringa, maskin pikker ned steinar, enkel reinsk etterpå	

Grøntarealer og skråninger (innenfor vegens eiendomsgrenser)

- Erosjonsskader og andre skader skal utbedres.
- Gress og kratt skal være lavere enn 50 cm i siktsoner.
- Kratt skal ikke være høyere enn 75 cm i etablerte soner for vilttrekk.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Kantstein

- Minimumshøyden skal være minst 5 cm.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Rekkverk

- Brukne stolper skal skiftes.
- Utbøyning eller setninger større enn 20 cm fra opprinnelig horisontallinje skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Gjerder, inkl. viltgjerder og trafikkjerder

- Synlige skjevheter og skader skal utbedres.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Belysningsanlegg

- Lamper skiftes dersom lysstyrken er mindre enn 75 % av nyverdi.

Funn/vurdering: Ikkje aktuelt på vegstrekninga.

Oppmerking

- Vegene skal være oppmerket slik at mindre enn 20 meter av langsgående linjer er slitt bort.
- Minst 50 % av annen oppmerking skal synes.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.

Kantstolper

- Brukne stolper skal erstattes, skjevheter rettes opp.

Funn/vurdering: Ikkje registrert behov for utbetringar langs vegstrekninga.



Skilt

- Skal minst være synlig på 100 meters avstand i soner med fart større enn 60 km/t.
- Skal minst være synlig på 50 meters avstand i soner med fart mindre/lik 60 km/t.
- Synlige skjevheter utbedres.

Funn/vurdering:

P	Hp	Km	Skade, mangel	Tiltak	Bilde
6	1	3,955	Ikkje naudsynt at dette er forkøyrsvog	Nytt skiltvedtak /fjerne skilt	

Kostnad

7	1	3,720	Ikkje naudsynt at dette er forkøyrsvog	Nytt skiltvedtak /fjerne skilt	 <p>1263 EV396 HP1 3717</p> <p>Hordaland 6772110 - 29279 05-04-2017 10:31:05</p>
8	1	3,571 - 3,686 og fv. 397 hp 3 km 4,937 - 4,998	Fylkesveg bør vere forkøyrsvog	Nytt skiltvedtak /ordne vikepliktsforhold	 <p>1263 EV396 HP1 3651</p> <p>Hordaland 6772063 - 29327 05-04-2017 10:36:12</p>

Kostnad

					 
--	--	--	--	--	--


Bruer og kaier

– For bruer og kaier må det utføres inspeksjoner dersom dette ikke er gjort de siste 5 år. Utbedringer foretas i henhold til de skader som oppdages ved inspeksjonen.

Funn/vurdering: Det ligg ikkje føre ein rapport for Sævrås kai, det må difor utførast ein inspeksjon før eventuell omklassifisering.



Synfaring i samband med eventuell omklassifisering - Lindås kommune Fv. 396 hp 1 km 3,571 - 4,100 og fv. 397 hp 3 km 4,937 - 4,998 - Sævrås Registrerte punkt på synfaring 05.04.2017 06.04.2017
Målestokk 1:2000
Statens vegvesen



Synfaring i samband med eventuell omklassifisering - Lindås kommune
Fv. 396 hp 1 km 3,571 - 4,100 og fv. 397 hp 3 km 4,937 - 4,998 - Sævrås
Registrerte punkt på synfaring 05.04.2017
06.04.2017
Målestokk 1:2000
Statens vegvesen